



Etter kvart har det vorte ein god kvinne-andel også i produksjonen hos Eidsvik. Her er Wenke Skudal (busett i Dimmelsvik) saman med Leif Atle Røssland (Husnes). Dei driv med sveising av davit-delar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bedriftene også i Kvinnherad treng meir folk og mellom dei er Eidsvik Skipsbyggeri i Uskedalen. Dagleg leiar Svein Arne Eidsvik seier til Grenda at dei kunne tenkt seg fire-fem fleire tilsette. Så langt har Eidsvik løyst problemet ved innleige frå andre lokale firma, men dei føler presset. Arbeidsmarknaden er svært stram.

Skipsbyggeriet, som akkurat no arbeider for fullt med å utstyra den store Knester-trålaren, manglar folk innan alle faggrupper – det vil seia røysleggjarar, mekanikarar og platearbeidarar.

Kvinnherad Næringservice har no sendt ut et spørjeskjema for å kartlegga rekrutteringsbehovet for dette og neste år til både private og offentlege verksemder og responsen har vore overveldande. Det har alt no kome inn svært mange svarskjema og tala skal leggjast fram 24. april då neste samling i samarbeidsprosjektet skule/næringsliv skal haldast.